



KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune
hfk@post.hfk.no
5020 BERGEN

Dykkar ref.:
2015/4419-5

Vår ref.:
2015/2150-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Johan Sørensen

Dato:
21.05.2015

Uttale - Melding om oppstart av revidering av forskrift om regulering av hausting av tare i Hordaland - Invitasjon til å komme med innspel

Vi viser til brev av 13. mai 2015 vedkomande oppstart av revidering av forskrift om regulering av hausting av tare i Hordaland.

I plan- og forvaltningssamanheng ivaretek Kystverket omsynet til god framkomelegheit, trygg ferdsl og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, jfr Havne- og farvannsloven (HLF) §1.

Taretråling føregår i sjøområder med ei djupne på frå 2 til 20 meter. Om trålinga føregår i sjøområder med mykje skipstrafikk, dvs hovud- og bilei, vil dette som oftast skje i utkanten av farleia på grunnare områder som nødvendigvis ikkje nyttas av skipstrafikken.

Taretråling er ein aktivitet som har pågått i mange år. Vi er ikkje kjende med at det har vært nemneverdige problem eller konflikhtar mellom utøving av taretrål og den generelle trafikken på sjø.

Vi har såleis, ut frå omsynet til generell skipstrafikk, ikkje nokon synspunkt om ein skilde sjøområder som kan være opne eller stengde for taretråling.

Vi må nemne at Kystverket i enkelte samanhenger ivaretek Forsvarets interesser, jfr HLF §28. Frå vedlagt kartmateriell vil områda 30C og 29D kome inn i eit militært forbodsområde med m.a. forbod mot bruk av trål m.m. Vi vil derfor føreslå at Fylkeskommunen sender oppstartsmeldinga til Forsvarsbygg for uttale.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

Johan Sørensen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:
Fiskeridirektoratet region Vest postmottak@fiskeridir.no
Forsvarsbygg post@forsvarsbygg.no

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, saks korrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson